

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

# RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING

GRUNNLAG FOR PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL FOR 2020-2023

STRANDA KOMMUNE

## MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeføretak eigd av Aukra kommune, Aure kommune, Averøy kommune, Fjord kommune, Giske kommune, Gjemnes kommune, Hustadvika kommune, Kristiansund kommune, Molde kommune, Rauma kommune, Rindal kommune, Smøla kommune, Stranda kommune, Sula kommune, Sunndal kommune, Surnadal kommune, Sykkylven kommune, Tingvoll kommune, Vestnes kommune, Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre revisjonstenester for eigarkommunane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund med avdelingskontor i Molde og Ålesund.

## FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har etter avtale med Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS gjennomført risiko- og vesentlegvurdering av eigarskapen i kommunen. Dette er meint som grunnlag for utarbeiding av plan for eigarskapskontroll.

Ålesund, 26.10.2020

## INNHALD

<b>1 Innleiing</b> .....	<b>5</b>
1.1 Eigarskapskontroll .....	5
1.2 Metode og gjennomføring .....	5
<b>2 Eigarskapsmelding og oversyn over selskap som kommunen eig</b> .....	<b>5</b>
2.1 Eigarskapsmelding.....	5
2.2 Oversyn over selskap Stranda kommune eig eller har eigarinteresse i.....	6
2.3 Politiske saker og tidlegare eigarskapskontrollar .....	8
<b>3 Vurdering</b> .....	<b>10</b>

## 1 INNLEIING

### 1.1 EIGARSKAPSKONTROLL

Jf. Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018 § 23-2 skal kontrollutvalet som sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av eigarinteressene kommunen har i selskap mv. som kommunen har eigarinteresser i. Dette blir omtala som eigarskapskontroll. I § 23-4 går det fram reglar om utarbeiding av risiko og vesentlegvurdering som grunnlag for plan for eigarskapskontroll.

Eigarskapskontroll blir definert slik i §23-4:

*Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunes eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.*

Eigarskapsmelding vil vere eit viktig dokument ved utarbeiding av risiko og vesentlegvurderingar og plan for eigarskapskontroll. Ny kommunelov styrker kommunane si eigarstyring i høve kommunalt eigde selskap mv. Eit viktig grep er at det nå gjeld eit lovfesta krav om eigarskapsmelding jf. § 26-1. Her går det fram minimumskrav til innhald i meldinga, og at meldinga skal utarbeidast minst ein gong i valperioden og bli vedtatt av kommunestyret.

Eigarskapskontrollen skal vere med å sikre at kommunen utøver sitt eigarskap på ein profesjonell måte. Dette vil kunne gjere at kommunen kan påverke selskapet i ønska saker, at eventuelle medeigarar blir likebehandla og at selskapet sin uavhengighet blir oppretthalden.

### 1.2 METODE OG GJENNOMFØRING

Risiko- og vesentlegvurderinga er bygd på informasjon om Stranda kommune. Det er sett på politiske vedtak, eigarskapsmelding, rekneskap og tidlegare eigarskapskontrollar.

## 2 EIGARSKAPSMELDING OG OVERSYN OVER SELSKAP SOM KOMMUNEN EIG

### 2.1 EIGARSKAPSMELDING

KS rår til at eigarskapsmeldinga minimum bør ha desse hovudpunkta<sup>1</sup>:

1. *Oversikt over kommunens virksomhet som er lagt i selskaper og samarbeid.*
2. *Politisk styringsgrunnlag gjennom kommunens prinsipper for eierstyring*
3. *Juridisk styringsgrunnlag knyttet til de ulike selskaps- og samarbeidsformene.*

---

<sup>1</sup> [https://www.ks.no/contentassets/fb95418a8bab40d69235844e212abb6f/ks-anbefalinger-eierstyring\\_digital.pdf](https://www.ks.no/contentassets/fb95418a8bab40d69235844e212abb6f/ks-anbefalinger-eierstyring_digital.pdf)

4. *Formålsdiskusjon og selskapsstrategi knyttet til de ulike selskapene, herunder styringsdokumentene.*
5. *Selskapenes samfunnsansvar knyttet til miljø, likestilling, åpenhet, etikk osv*

Stranda kommune har eigarskapsmelding som vart vedteken av kommunestyret 23.05.2018 i sak 033/18. Meldinga var meint som eit «Verkty for formulering av eigarstrategiari Stranda kommune». Det vart gjort følgjande vedtak:

1. Stranda kommune vedtek Eigarskapsmelding 2018 som bakgrunnsdokument for utforming av selskapsespesifikke eigarstrategiar for Stranda kommune sine selskap.
2. Dei strategiske problemstillingane 1-5, som vert formulert i dokumentet Eigarskapsmelding 2018 vert lagt til grunn for utforminga av Stranda kommune sine selskapsespesifikke eigarstrategiar.
3. Det skal snarleg utarbeidast eigarstrategiar for Stranda Energi AS, Stranda Eigedomsselskap AS, Byrg Kompetanse AS og Stranda Hemnevesen KF. Framlegg til eigarstrategi skal sendast på høyring til det respektive selskap før politisk handsaming av eigarstrategien.
4. Stranda kommune skal utarbeide eigarstrategiar på dei interkommunale selskapa kommunen er deltakar i som eigen sak.

Vi forstår det slik at det ikkje er utarbeidd «selskapsespesifikke eigarstrategiar» jf. punkta 2-4 i egne kommunestyresaker. Men det er likevel slik at formannskap og/eller kommunestyret er generalforsamling for fleire selskap og på den måten blir involvert i strategiarbeid.

## 2.2 OVERSYN OVER SELSKAP STRANDA KOMMUNE EIG ELLER HAR EIGARINTERESSE I

I eigarskapsmeldinga vart det gitt følgjande oversyn over samarbeid og selskap:

Interkommunale samarbeid:

Namn på samarbeidet	Heimel
Innkjøpsamarbeidet på Sunnmøre	Kap. 5A
Nødnett/Legevaktformidling	Kap. 5A
Overgrepsmottak	Kap. 5A
Krisesenter	Kap. 5A
Parnerskap ALV Møre og Romsdal	Kap. 5A
Arbeidsgiverkontrollen	§ 27
Interkommunal veterinærvakt	§ 27

Tabell 5: Interkommunale samarbeid kor Stranda kommune er deltakar.

Interkommunale selskap:

Namn på selskapet	Andel
Ålesundregionens Interkommunale Miljøsekskap IKS	4,9 %
Åknes/Tafjord Beredskap IKS	12,5 %
Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 i Møre og Romsdal IKS	8,3 %
Interkommunalt Arkiv for Møre og Romsdal IKS	2,6 %
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS	8,3 %
Sunnmøre Regionråd IKS	5,9 %

Tabell 6: Interkommunale selskap kor Stranda kommune er deltakar.

Aksjeselskap:

Namn på selskapet	Andel
Stranda Energi AS	100,00 %
Stranda Eignedomselskap AS	100,00 %
Byrg Kompetanse AS	99,90 %
Muritunet AS	2,10 %
Geiranger Fjordservice AS	0,80 %
Hareid Fastlandsamband AS	0,00 %
Norsk Fjordsenter AS	0,50 %
Storfjordsambandet AS	n.a.
Norske Fjell AS	1,60 %
Stranda Treningscenter AS	3,30 %
Furene AS	n.a.

Tabell 7: Aksjeselskap kor Stranda kommune eig aksjar

Samvirkeføretak:

Namn på selskapet	Andel
Storfjord Kulturhus SA	n.a.
Biblioteksentralen SA	n.a.

Tabell 9: Samvirkelag kor Stranda kommune er medlem.

Det vart i tillegg gitt utfyllande opplysningar om dei forskjellige selskapa.

Årsrekneskapa 2019 for Stranda kommune har i note oppdatert oversyn over aksjar og andelar som kommunen har i varig eige:

## Note 5: Aksjar og andelar i varig eie (FKR § 5 nr. 5)

Interkommunale samarbeid etter kommuneloven kapittel 5A (FKR § 12 nr. 3)

Namn på verksemd	Eigarskap andel	Balanseført verdi 31.12.2019	Balanseført verdi 31.12.2018
Stranda Energi AS	100 %	62 946 000	62 946 000
Stranda Eigedomsselskap AS	100 %	13 340 000	11 340 000
Kommunal Landspensjonskasse (KLP)	n.a.	11 502 228,00	10 466 859
Indre Sunnmøre Laboratorium AS	n.a.	150 000	150 000
Hareid Fastlandssamband AS	n.a.	2 000	2 000
Utviklingsforum for Ålesund Lufthavn Vigra	n.a.	25 000	25 000
Åknes/Tafjord Beredskap IKS	n.a.	297 800	297 800
Årim IKS	4,90 %	24 500	24 500
Norsk Fjordsenter AS	n.a.	50 001	50 001
Midtnorsk Senter for Seniorutvikling AS	n.a.	50 000	50 000
MR Revisjon	n.a.	84 000	-
<b>Sum</b>		<b>88 471 529</b>	<b>85 352 160</b>

Stranda kommune betalte i 2019 inn NOK 1.035.369,- i eigenkapitalinnskot i KLP. Innskotet er utgiftsført i investeringsrekneskapen for 2019.

Stranda kommune kjøpte i 2019 aksjar i Stranda Eigedomsselskap AS for NOK 2000.000,- og i Møre og Romsdal Revisjon SA for NOK 84.000. Kjøpet er utgiftsført i investeringsrekneskapen og aktivert i balansen.

Stranda kommune har i tillegg eigarskap i følgjande føretak kor den balanseførte verdien er skriven ned til NOK 1,- pr føretak:

- |                                  |   |
|----------------------------------|---|
| * Biblioteksentralen             | * Sunnmørshallen AL                       |
| * Geiranger Fjordservice AS      | * Storfjordsambandet AS                   |
| * Volda Industri AS              | * Sunnylvn Samfunnshus PL                 |
| * Møretre AS                     | * Byrg Kompetanse AS                      |
| * Liabygda Vassverk AL           | * Norske Fjell AS                         |
| * Storfjord Kulturhus SA         | * Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 IKS       |
| * Norddalsbrua AS                | * Sunnmøre Kontrollutvalgssekretariat IKS |
| * Ålesund og Giske Bruselskap AS | * Muritunet AS                            |
| * Sunnmøre Veginvest AS          | * Stranda ASVO AS                         |

## 2.3 POLITISKE SAKER OG TIDLEGARE EIGARSKAPSKONTROLLAR

Kommunestyret handsamer med jamne mellom saker knytt til eigarskap i aksjeselskap (AS) og interkommunale selskap/samarbeid. Gjennomgang av saker i kommunestyret frå 01.01.2018 viser at det har vore oppe ei rekkje saker anten som referatsaker eller egne saker:

- Storfjordsambandet – utgreiings- og utviklingskostnader (Kommunestyret 23.09.2020, sak 065/20)
- ÅRIM – Ny selskapsavtale (Kommunestyret 23.09.2020, sak 068/20)



- Uttale til ny selskapsavtale for ÅRIM (Kommunestyret 26.02.2020, sak 19/20)
- Godkjenning av nye vedtekter og beredskapsplan mot akutt forureining på Sunnmøre (Kommunestyret 26.02.2020, sak 020/20)
- Møtebok frå representantskapet i Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS (Kommunestyret 26.02.2020, referatsak 04/20)
- Avtale mellom grunneigarane i Fausa og Stranda Energi AS (Kommunestyret 18.12.2019, sak 125/19)
- Ny selskapsavtale Åknes-Tafjord Beredskap IKS (Kommunestyret 18.12.2019, sak 126/19)
- Tilpassing til lovpålagt krav om selskapsmessigs skille (Stranda Energi) (Kommunestyret 20.11.2019, sak 117/19)
- Friluftsrådet - organisasjonsform etter ny kommunelov (Kommunestyret 13.11.2019, sak 105/19)
- Endring av selskapsavtale Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal med verknad frå 01.01.2020 (Kommunestyret 13.11.2019, sak 106/19)
- Oppnemning av medlemmar til representantskapet i Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS (Kommunestyret 13.11.2019, sak 112/19)
- Tilpassing til lovpålagt krav om selskapsmessigs skille (Stranda Energi) (Kommunestyret 13.11.2019, sak 114/19)
- Endringar i selskapsavtalen for Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS frå 2020 (Kommunestyret 28.08.2019, sak 074/19)
- Uttale frå Stranda kommune – Fusjon av Komrev3 IKS og Møre og Romsdal Revisjon IKS (Kommunestyret 21.03.2019, sak 025/19)
- ÅRIM – Ny selskapsavtale – høyring )Kommunestyret 13.02.2019, sak 011/19)
- Bruk av §13 i kommunelova – Vedtak i FOR 26.09.18 – Stranda Eigedomsselskap AS – Kjøp av eigedom (Kommunestyret 17.10.2018, Rsak 015/18)
- Sal av aksjar i Vitafjord AS (Kommunestyret 26.09.2018, sak 082/18)
- Eigarskapskontroll av Stranda Energi AS, Stranda Eigedomsselskap AS og Byrg Kompetanse AS (Kommunestyret 23.05.2018, sak 032/18)
- Stranda kommune – Eigarskapsmelding 2018 (Kommunestyret 23.05.2018, sak 033/18)
- Sunnmøre regionråd – referat frå nettverksmøte i Folkevaltnettverket (Kommunestyret 18.04.2018, Rsak 009/18)

I kommunestyresaken om eigarskapskontroll av Stranda Energi AS, Stranda Eigedomsselskap AS og Byrg Kompetanse AS 23.05.18, vart det gjort følgande vedtak:

1. Stranda kommunestyre viser til rapport for utført selskapskontroll for Byrg Kompetanse AS, Stranda Eigedomsselskap AS og Stranda Energi AS og ber om at kommunen sine valde eigarrepresentantar i selskapa, samt politisk og administrativ leiing i kommunen, følgjer opp dei synspunkta som er komne fram.
2. Kommunestyret viser spesielt til forbetringstiltak som er tilrådd i rapportens kapittel 9, og ber om at det blir sett i gang arbeid med å gjennomføre desse:
  - a. Kommunens eigarskapsmelding bør legge opp til ein spesielt tilpassa strategi for eigarstyring overfor enkelte selskap
  - b. Klarare retningslinjer for bruk av eigarskapsmeldinga
  - c. Tilrettelegging av god dialog mellom eigar og selskap utanom generalforsamling
  - d. Vurdere i kva grad den uformelle løpande dialogen med selskapa bør formaliserast

- e. Utvida dialog og betre oppfølging overfor Byrg Kompetanse i samband med omstillingsprosess
- f. Ny utforming av føremålsparagrafen for Byrg Kompetanse. Vurdere vedtektsfesta krav om valkomité
- g. Rutinar for gjennomføring av systematisk folkevaldopplæring i forhold til eigarskapsinteressene
- h. Sjå til at selskapa har etiske retningslinjer i samsvar med kommunens krav

Det vart i 2018 utarbeidd både forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av ÅRIM IKS (der Stranda er medeigar), etter bestilling frå Ålesund kontrollutval.

I eigarskapskontrollsaken gjorde Ålesund bystyre følgande vedtak:

1. Bystyret tar rapporten til orientering.
2. Bystyret ber rådmannen om å legge fram en sak om oppgavefordelingen mellom ÅRIM og Bingsa Næring.
3. Bystyret ber rådmannen om å legge fram en sak om samordning av strategiene for ÅRIM, Bingsa Næring og Tafjord Kraftvarme AS innen utgangen av 2019.
4. Bystyret ber rådmannen om å vurdere å ta et initiativ ovenfor Sunnmøre Regionråd med sikte på å gi dem en rolle i opplæringen av politikere som har verv i styrende organer, og eventuelt vurderer andre funksjoner regionrådet kan ha i forhold til eierskapsstyringen.

### 3 VURDERING

Aktuelle tema å vurdere vil kunne vere om

- kommunen har utydelege prinsipp for utøving av eigarskap
- kommunen har føringar på habilitet
- Praktisering av offentlegheit
- Føremålet med eigarskap er uklart
- Kontroll av om selskap når sine mål
- Kommunestyret sine vedtak blir følgde
- Føringar for kompetanse styresamansetning

I eigarskapsmeldinga går det fram oversyn over selskapa, og det blir drøfte motiv for dei forskjellige selskapsformene. Rammeverk for utforming av eigarstrategien blir og drøfta, men det blir ikkje gitt overordna prinsipp eller føringar for utøving av eigarskap mv.

Sjølv om det er slik at kommunestyret kvart år handsamer årsmelding/årsrekneskap for fleire av selskapa, kan vi ikkje sjå at det er vedtekne strategiar for selskapa slik intensjonen var då eigarskapsmeldinga vart handsama sist.

Vår vurdering er difor at kommunen raskt bør utarbeide ny eigarskapsmelding der ein følger opp intensjonane for eigarskapsmeldigar i tråd med ny kommunelov og tilrådingane frå KS.

Dersom det blir utarbeidd eigarskapsmelding relativt raskt, vil det etter vår vurdering vere mest naturleg at kontrollutvalet i etterkant vurderer å sjå nærare på

- Korleis Stranda kommune utøvar sitt eigarskap
- Korleis Stranda kommune og andre eigarkommunar utøvar sitt eigarskap i fellesskap